

# Geosof - Herman Leopoldus Løvenskiold

Av Torgeir T. Garmo

Herman Leopoldus Løvenskiold har gjennom lære og liv formidla kunnskap om og ikkje minst haldningar til norsk natur.

Herman er ein inspirerande pedagog, og som lærar på Steinerskolen i Oslo tok han tidleg til å lokke elevar ut i Oslofeltets spennande mineralgangar. Somrane brukte han til geologikurs i Lom og for små geologiforeningar med dårleg betalingsevne.

I det populære radioprogrammet Hei svarde Herman på spørsmål innan naturfag i mange år, og kalendrane til Coopen vart klassikarar når Herman illustrerte dei og skreiv tekster om mineral og bergartar,


blomster og sommarfuglar. Gjennom mange år tråla Herman fjell og vidder på jakt etter stein. Når det likevel aldri vart heilt fullt på peishylla på Nesoddtangen kom det av at funna alltid skulle gjevast vidare.

Herman hadde alltid ein krystall til overs for den som sjølv ikkje kunne finne, og i dag kan alle beundre "hyllestuffar" i museum i Oslo, på Kongsberg og mange andre stadar.

For sin vilje til alltid å gi til andre av sin kunnskap, sin entusiasme og sine fantastiske mineralfunn utnemner vi Herman Leopoldus Løvenskiold til norsk geosof.



Arild Palmstrøm tar imot prisen på Kongsberg mineralsymposium på vegne av H. L. Løvenskiold.  
Foto: Thor Sørli



Herman med samboeren Eli.  
Foto: Thomas Løvenskiold